



Referat frå elevrådsmøte VI, tysdag 28.november

Desse møtte:

Elevrådsrepresentant 5A: Selma

Elevrådsrepresentant 5B: Thea

Elevrådsrepresentant 6A: Olav

Elevrådsrepresentant 6B: Leif Ludvik

Elevrådsrepresentant 7A: Aksel

Elevrådsrepresentant 7B: Lukas

SAKER

Sak 1: *SMU*

Leiar informerte elevrådet om kva som vart lagt fram i SMU.

- Elevråda 5-7 og 8-10 la fram saker ein har arbeidd med dette skuleåret.
- FAU la fram arbeidet dei har jobba med sidan sist SMU-møte våren 2026:
 - *Smarttelefonfri barndom*

FAU-vedtak: Det er samrøystes vedteke at FAU skal arbeide for at alle barn ved Naustdal barneskule får ein barndom utan smarttelefon innan 2030. FAU ønskjer at flest mogleg føresette skal forplikte seg til å utsetje at elevane får smarttelefon til dei er ferdige med barneskulen. Vi vil starte med føresette for elevar som går på 1. og 2. trinn dette skuleåret, men vil også oppmode føresette ved høgare trinn om å vere med dersom dei ønskjer det. Sjå meir informasjon på smarttelefonfribarndom.no.
 - *Skjermrettleiar*

FAU-styret har utarbeidd ein rettleiar for skjermbruk for foreldre på Naustdal skule, som er basert på ei spørjeundersøking gjennomført blant foreldre på Naustdal skule i juni 2025. Der kom det fram at det var eit stort ønskje om ein felles skjermrettleiar for foreldre, slik at heimane kan ha meir like reglar for borna sin skjermbruk. «Rettleiar for ein digital kvardag» vert lagt ut på heimesida til skulen.
 - *Kostråd for skulemat*

FAU ønskjer at Naustdal skule skal ha fokus på sunn og næringsrik mat og drikke for å legge til rette for god helse hos borna, betre konsentrasjonsevne, samt førebyggje overvekt og livsstilssjukdommar. Dei fleste born et søtsaker og anna usunn mat langt meir enn hundre dagar i året. Skulen føregår på kvardagar, og FAU ønskjer ikkje at skulen skal vere ein arena for usunn mat. FAU har difor utarbeidd råd for mat på skulen som tek utgangspunkt i Helsedirektoratet sine kostråd. Kostråda gjev tydelege råd om å avgrense godteri og snacks, og rådar til å skilje mellom kvardag og helg.

Denne saka ynskjer skulen v/ rektor at både elevar og tilsette skal få uttale seg om før den vert vedtatt.



Sak 2 : Saker frå FAU.

Elevrådet diskuterer sakene som blei lagt fram av FAU. Elevrådet ynskjer tilbakemelding frå klassane om saka «Råd for sunn skulemat ved Naustdal skule». Viktig med konkrete tilbakemeldingar. Eit pluss/delta skjema kan nyttast. Om ein ynskjer at noko skal endrast må klassane komme med forslag til dette.

Elevrådet vil jobbe vidare med denne saka etter jul.

Dokumenta til FAU «Råd for sunn skulemat ved Naustdal skule» ligg lenkja opp her:

- ✓ [Kortversjon.](#)
- ✓ [Fullversjon.](#)

Sak 3: Saker frå klassane

Klassane hadde ikkje saker frå klassen .

Beste helsing

Olav
Referent

Lukas
Elevrådsleiar 5-7

Laila
Elevrådskontakt 5-7